



Fôring og stell av produktive søyer rundt lamming

Forfatter

Finn Avdem, Nortura

Sammendrag

Rett fôring og stell av produktive søyer er viktig både for å oppnå god tilvekst på lamma, lite lammetap og friske søyer. Tal frå Sauekontrollen syner at vi i perioden 2000-2009 har hatt ein auke på 0,19 totalfødte lam (2,09 lam pr søye i 2009), medan ein i same perioden har hatt ein auke 0,09 lam om hausten (1,72 lam pr søye inkl. kopplam i 2009). Forsking syner at det er lam frå store kull som er mest utsette for å gå tapt.

Publisert

2010

Referanse

Bondevennen, 10/2010

Utskriftsdato

18.08.2019 www.fag.nsg.no

BONDEVENNEN NR. 10 - 12. mars 2010

Fôring og stell av produktive søyer rundt lamming

Finn Avdem

Fagrådgjevar småfe i Nortura



Rett fôring og stell av produktive søyer er viktig både for å oppnå god tilvekst på lamma, lite lammetap og friske søyer. Tal frå Sauekontrollen syner at vi i perioden 2000-2009 har hatt ein auke på 0,19 totalfødte lam (2,09 lam pr søye i 2009), medan ein i same perioden har hatt ein auke 0,09 lam om hausten (1,72 lam pr søye inkl. kopplam i 2009). Forsking syner at det er lam frå store kull som er mest utsette for å gå tapt.

Her er nokre tips om fôring og stell av dei produktive søyene som får tre og fleire lam i høgdrektighets- og lammingsperioden.

Høgdrektighetsperioden

Det er i dei siste 6-8 vekene før lamming veksten av foster verkeleg byrjar å krevje energi og protein frå søya. (Tabell 1) Ferske fôrøpptaksforsøk gjort ved UMB, Ås, syner at ei høgdrektig NKS søye har kapasitet til å ta opp ca 1,4 FEm grovfôr dersom ein haustar grovfôret ved byrjande skyting. Dette var finkutta surfôr av svært god gjæringskvalitet. Er surfôret hausta ved full skyting, kan ein rekna eit grovfôrøpptak på i overkant av 1 FEm. Resten av energitrongen må da bli dekt opp av kraftfôr om ikkje søya skal tære av holdet.

Produktive søyer med tre foster eller meir kan vera utsette for bukbrokk (vom i skinn) og skjedeframfall. Både desse sjukdommane kjem av at vekta og presset av foster, fostervatn og fôr blir for stort. Søya vil ha frå 0,5-1,5 l væske pr foster og vekta av dette er det lite å gjera med. Fostervekta kan vi påverke med å la vera å dekke opp heile fôrbehovet til fostervekst i dei siste vekene før lamming. Søya vil da også tære på holdet og ein slik strategi krev difor at søya er i svært godt hold før høgdrektighetsperioden tek til. Søya skal alltid vera i godt hold ved lamming.

Fortørking

Det som er enklast å gjera noko med, er vekta av fôret vi gjev søya. I det før nemnde fôringsforsøket gjort på UMB, åt søyene i overkant av 2 kg grovfôrtørstoff mot slutten av drektigheita. Tabell 2 syner forskjell i vekt på ein slik grovfôrrasjon med ulik tørstoff % i grovfôret.

Det er difor ein stor fordel om ein kan unngå å bruke fuktig surfôr til høgdrektige søyer med mange foster. Må ein bruke slik surfôr, bør ein ikkje gje dette etter appetitt, men heller auke kraftfôr-rasjonen for å dekke fôrtrongen.

Andre viktige tiltak for å unngå "vom i skinn" og skjedeframfall er å unngå hard handtering og stress av søya og syte for at ho får god plass ved fôrkrybba (45 cm pr søye) utan at ho må kjempe for maten.

Lammingsperioden

Lam frå store kull har ofte lågare fødselsvekt og mindre feittreserver enn større tvilling- og einstaka lam. Råmjølk er ei energibombe og full av antistoff, enzym og hormon som er livsviktige for lammet. Alle lam i kullet må difor sikrast ein god porsjon råmjølk så fort som råd etter fødselen. Dette er spesielt viktig i store kull der lammet som er født sist som regel får minst råmjølk. Det kan difor lønne seg å mjølke søya og gje kvar einskild lam ein porsjon råmjølk slik at ein er sikker på at alle får. Ein slepp da å vente å sjå om alle lam får suge søya og ein sikrar seg at spenekanalanane er opne. Bilete 1 syner er ein rasjonell måte å ordne dette på. Eit 5 kg's lam skal ha 0,7 – 1 liter råmjølk det fyrste døgeret.

Små lam er ekstra utsette for nedkjøling pga mindre feittreserver og stor overflate i forhold til vekt. Sørg difor for tett, isolerande liggeunderlag og hjelp søya med å tørke lamma. Ei varmekasse med varmelampe kan redde mange lam dersom lamma likevel blir nedkjølte.

Ei søye som skal mjølke til tre eller fleire lam må halde seg frisk og ha god appetitt på både grovfôr og kraftfôr. Ein bør difor spare det beste grovfôret til lammingsperioden. Det er alltid viktig med god overgangsfôring ved skifte av fôr, og ein bør difor auke kraftfôrrasjonen gradvis (0,1 kg pr dogn). Søya skal ha tid til å kome seg att etter lamminga før ein aukar kraftfôrrasjonen. Vent difor ca eit døger før du startar opptappinga av kraftfôrrasjonen. (Tabell 3)

0,4 FEm fråholdet

Føringsforsøket ved UMB synte at ei søye etter lamming har kapasitet til å ta ca 2 FEm med godt kutta, velgjæra surfôr dersom graset blir hausta ved byrjande skyting eller før. Er søya i godt hold, kan søya mjølke ein del av holdet. Det er da spesielt viktig med nok protein i føret. Skift difor over til eit proteinrikt kraftfôr i god tid før lamming. Det er viktig at søya ikkje blir tappa for alle reserver i lammingsperioden. Dette svekkar søya og gjer ho meir utsett for sjukdomar og parasittatak. Mjølkeproduksjonen vil også gå ned, noko som lett fører til mastitt fordi svoltne lam herjar for mykje med juret. Ein bør difor rekna maks 0,4 FEm pr dag frå holdmobilisering. Ei høgytande søye som skal få mykje kraftfôr, bør få maks 0,5 kg kraftfôr pr føring for å unngå sur vomgjæring og appetittsvikt.

Det vil ofte vera aktuelt å støttføre lam frå store kull med kraftfôr både inne og på vårbeite. Dette aukar vårtilveksten og skånar juret til søya. Det er da viktig å la lamma få tidleg tilgang på kraftfôr i eit lammegøyme inne. Dette framskandar også utviklinga av drøvtyggjarmagen.

Mjuk overgang

Overgangen frå ein rasjon av grovfôr og kraftfôr eine dagen til berre vårbeite neste dag, gjev vomfloraen til søya lite tid til å omstille seg til å melte eit nytt fôrslag. For å unngå ein knekk i mjølkeproduksjonen i samband med beiteslepp, bør ein difor prøve å få til ei så god overgangsføring som råd. Søyene bør difor vera mette av grovfôr når dei blir slepte på vårbeite. Prøv også å gjera overgangen så mjuk som mogleg ved å trappe ned kraftfôrfrasjonen og gje tilgang på grovfôr i ei vekes tid på vårbeitet.

Lykke til med ei lammingstid med lite lammetap, friske søyer og god tilvekst på lamma!

Kjelder:

Helse og velferd hos sau,

Landbruksforlaget 2008

Føring av søyer rundt lamming: surfôr eller kraftfôr? Sau og geit nr 1 - 2010

Mindre lammetap, Tema-ark,

Team sau Nortura 2010

Tabell 1: Energitrong til fosterproduksjon og vedlikehald i FEm pr dag ved ulike kullstorleik i høgdrektighetsperioden for ei 90 kg` s søye

Kullstorleik	Fødselsvekt pr lam, kg	Veker før lamming			
		8-7	6-5	4-3	2-1
1	5-6	1,0	1,1	1,2	1,3
2	5-6	1,1	1,2	1,5	1,7
3	4-5	1,2	1,3	1,7	1,9

Tabell 2: Vekt av 2 kg grovførtørstoff med ulike tørrstoff %

Fôrslag	Tørrstoff %	Vekt	Nedgang i vekt i forhold til fuktig surfôr
Direkte hausta fuktig surfôr	18	11,1 kg	
Fortørka surfôr	30	6,7 kg	- 4,4
Sterkt fortørka surfôr	45	4,4 kg	- 6,7
Høy	85	2,4 kg	- 8,7

Tabell 3 Energibehov i FEm til vedlikehald og mjølkeproduksjon hjå ei 90 kg` s søye ved ulike kullstorleik og tilvekst på lamma.

Burd	Tilvekst pr lam pr dag	FEm pr dag
1	400	2,1
2	300	2,7
2	350	3,0
3	250	3,3
3	300	3,5